

Tjeldstø

Kommune: Øygarden
Kartblad: 1116 III
Kartreferanse: UTM 32V KN
720 260
Høgd over havet: 0-39 m
Areal: 1083,1 da
Eigedomar (gnr/bnr): 52/3,
52/4, 52/6, 52/7, 52/8, 52/
10, 52/11, 52/12, 15, 52/13,
52/14, 21, 52/16, 52/17, 52/
18, 52/20.

Kort omtale av området

Tjeldstømarka ligg rett nord for Tjeldstø sentrum, og grensar opp mot fv. 229 i vest og Hjeltefjorden i aust. Lokaliteten er eit gammalt kulturlandskap, lite påverka av nye tekniske inngrep. Her er m.a. spor etter torvtekt og lyngbrenning.

Tjeldstømarka er eit større utmarksområde med lynghei, myr og fleire vatn i ein særprega mosaikk. Fleire av dei små vatna er danna ved uttak av torv. Gamle trerøter på botnen og forfalne torvløyer i stein, vitnar om torstikking i gamle dagar. Deler av lyngheia er fram til i dag haldne i hevd ved torvbrenning. Rotevatnet og Husvatnet er delvis attgrodde. Dei dominerande planteartane er elvesnelle, paddesiv, bukkeblad og sumpsevaks.

Lokaliteten fungerer både som eit trekk-, hekke og overvintringsområde.

Reint ornitologisk er det utan tvil eit av dei mest interessante områda i låglandet i fylket. Tjeldstømarka ligg svært langt vest, og dermed midt i den viktige kysttrekkruta. Det er observert eit relativt høgt tal andefugl og vadalar her på trekk, m.a. kan nemnast kortnebbgås, skeiand, bergand, tundralo, fjøreplytt, sotsnipe, svarthalespove og lappspove. Dei vanlegaste artane på trekk er stokkand, krikkand, vite, enkeltbekkas og raudstilk. Tjeldstømarka har ein god hekkebestand av fleire artar — her bør m.a. nemnast toppand, siland, stor-spove og tjuvjo, samt sannsynleg hekking av grågås, brunnakke, brushane og sivsongar. Rotevatnet er eit av dei viktigaste overvintringsområda for songsvane i Hordaland, med min. 20-30 ind.

Vernesøremål og framlegg til verneform

Føremålet er å verne eit større våtmarks- og lyngheimråde med både trekk-, hekke- og vinterfunksjon for våtmarksfugl, samt betydelege landskapshistoriske verdiar. Tjeldstø blir føreslege verna som naturreservat.

Eksisterande inngrep og kjende interessekonfliktar
Sture-anlegga ligg vel 1 km nordaust for Tjeldstømarka. Det er m.a. bygd ny veg til dette anlegget, gjennom nordre del av marka. I tillegg er det etablert småindustri og ein brakkeby heilt i nord.

Det er sett opp eit mindre pelsdyrhushus ved Grønhøyen i sørøst. Fv. 229 er nyleg utvida, og det er fylt ut nokre meter inn i den aktuelle lokaliteten.

Det er planta noko furu rett aust for Rotevatnet. Rett sør for Storemyra er det sett i gang oppdyrkning av eit lite sumpområde.

Det går ei kraftline til Stureanlegga over nordvestre del av området, rett nord for Digervardsmyra. 22 kV-line gjennom Tjeldstømarka er nyleg lagt om, ny trasé ligg på vestsida av fv. 229, og gamal line over Rotevatnet og Husvatnet skal fjernast.

Heile Tjeldstømarka er utsatt for eit generelt utbyggingspress, som ein følge av aktivitet på og omkring Stureanlegga.

Blant nokre grunneigarar er det interesse for, men ikkje konkrete planar om oppdyrkning av mindre myrareal til kulturbete. Ein kan frykte at evt. førspill frå pelsdyrhuset vil trekke til seg t.d. kråker, som igjen kan gje auka predasjon på egg og ungar hjå lokalt hekkande fugl.

Andre skjøtseltiltak

Skjøtsel av området må i første rekke knyttast til å halde ved like det gamle kulturlandskapet, m.a. ved jamleg lyngbrenning. Det må vurderast tiltak for å hindre at Rotevatnet og Husvatnet gror heilt att.

Fylkeskonservatoren arbeider med ein plan for restaurering av dei gamle torvhusa i Tjeldstømarka.

Parti frå Rote- og Husvatn-området 19.06.1981. Reint ornitologisk er dette området eit av dei mest interessante i låglandet i Hordaland, med mellom anna mange overvintrande songsvaner.

